

**MØTEPROTOKOLL****Utval:** Naturutvalet**Møtedato:** 03.09.2014**Møtetid:** 15:00 - 17:30**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Heidi Gjerde (Ap)	Gunnveig Loe (Ap)

Andre som var til stades på møtet:

Ordførar, rådmann, einingsleiar teknisk og planleggjar

Møteleiar:	Øyvind Strømmen (Bl)
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:

Utvalet var på synfaring i samband med sak 45/14.

Det vert eit ekstra møte for naturutvalet der tema er infrastruktur og næring i kommuneplanen. Dette møtet vert 23.9. kl 15.00.

Orienteringar/meldingar:	<p>I forkant av møte vart det etterlyst status for sak på Ytre-Tysse om dispensasjon frå reguleringsplan. Rådmannen informerte om at det pga. fråvær ikkje har vore tid til å undersøka saka. Dette vil verta gjort, og søker vil få skriftleg melding om status i løpet av kort tid.</p> <p>Det var og spurt i møte (m.a. av Vidar Tveiterås) om kvifor ikkje sak om mogleg forureining sto på saklista. Rådmannen informerte om at det ikkje har vore tid til å arbeida med denne saka sidan sist møte. Rådmannen ynskjer at medlemmane i utvalet får opplæring i kommunen sitt ansvar etter forureiningslov før saka vert handsama. Dette ga medlemmane uttrykk for at dei ønskte, og det vert derfor planlagt opplæring i neste møte i naturutvalet. Administrasjonen ser og for seg at den konkrete saka vert handsama før utgangen av året. Grunneigar vil verta gitt informasjon om dette. Ordførar viste til vedtak i naturutvalet om delegering av</p>
---------------------------------	---

	<p>mynde til BIR i nokre saker etter forureiningslova. Ordførar vil at kommunestyret tek stilling i denne saka, og den vert ført opp på kommunestyret si sakliste i neste møte.</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p>Anja Marken (Bl) ba om at synfaringar vert gjennomført slik at alle er samla og høyrer den same informasjonen. Ordførar viste til at spørsmål om reglar for gjennomføring av synfaringar har vore teke opp tidlegare. Ho tek initiativ til at det vert laga retningslinjer for korleis ein gjennomfører synfaringar. Marken etterlyste status for Gjerdefeltet. Administrasjonen informerte om at alle merknader er oversendt utbyggjar, og at dei er bedt om å ta kontakt med sikte på å ha eit møte der ein gjennomgår saka. Kommunen har ikkje fått tilbakemelding frå utbyggjar.</p> <p>Monica Tjønna (Sp) ga uttrykk for bekymring for skuleborn og trafikksikkerheit i Eikedalen. Utvalet delte Tjønna si bekymring, og administrasjonen vart bedt om å ta kontakt med vegvesenet for å få til tiltak. Aktuelle tiltak kan vera skilting – fartsgrense, forbikjøring forbode, skuleborn – flytting av busskur og (mellombels) gangveg. Tjønna ba og om informasjon om kva som er definert som ulovleg bygging i strandsona. Ho viste m.a. til nye båtoppdrag/slippar og små badeplassar som er etablerte. Administrasjonen orienterte om at alle inngrep i naturen er søknadspliktige. Det vart ein diskusjon om korleis kommunen skal arbeida med å avdekkja og fylgja opp ulovleg bygging. Konklusjonen er at det ikkje er ressursar til å arbeida systematisk med dette, men at kommunen må reagera når den er kjend med slike situasjonar. Det er diverre ein god del ulovlege bygg m.m. i kommunen.</p>

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 10.09.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
043/14	14/666	Faste saker	
044/14	14/311	Dispensasjonssak. Bruksendring frå naust til bustad. GBNR 23/41	
045/14	10/371	Dispensasjonssak. Felles kai gnr 22, bnr 27 . Lauvskar.	
046/14	14/348	Dispensasjonssak. Etablering av hytte ved Stemmevatnet GBNR 45/73. Sandvik	
047/14	11/213	Dispensasjonssak. Utviding av flytebrygge. Gbnr.23 / 16. Haukanes.	
048/14	11/391	Offentleg ettersyn av reguleringsplan for Bruahaugen, Eikedalen. Gbnr 33/3, 34/5 m.fl.	
049/14	12/605	Konsesjonssøknad - Overføring av nedbørfelt frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget	
050/14	14/279	Frådelingssak. GBNR 34/3. Svensdal.	

SAKNR. 043/14
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Etter ordinær innkalling vart sak 50/14 sendt ut. Leiaren viste til dette og spurte om det var merknader til at denne saka vart handsama. Leiaren viste også til melding til medlemmane i forkant av møtet med informasjon om at søker til sak 44/14 hadde bedt om at saka vart utsett. Søker ønskte m.a. å imøtegå påstandar som står i saksutgreiinga. Leiar sette fram framlegg om at denne saka vart trekt.

John Magne Bøgevik (Frp) viste til at innkallinga var motteken onsdag 23.9, noko som etter hans mening var seint. Han viste også til fullstendige sakspapir knytt til tilleggssak først vart motteke same dag som møtet vart halde.

Rådmannen informerte om at søker til sak 50/14 hadde etterlyst kvifor den ikkje sto på saklista. Søknad var sendt inn i vår. Då dette vart undersøkt, viste det seg at det var ein teknisk feil som har gjort at saka ikkje var meldt opp. Det var også ein del manglar i saksutgreiinga som måtte rettast opp. Pga fråvær og andre gjeremål vart dette først gjort på mandag. Rådmannen ba om at saka vart handsama og at ein på møtet kunne bruke tid på å gå igjennom vedlegga.

NAT-043/14 VEDTAK:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent med følgjande endringar
Sak 44/14 vert trekt frå saklista
Sak 50/14 vert teken opp til handsaming.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 044/14

DISPENSASJONSSAK. BRUKSENDRING FRÅ NAUST TIL BUSTAD. GBNR 23/41

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-2, 1-8 og 11-6 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon for bruksendring frå naust til bustadføremål på gbnr. 23/41.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvællet vedtok under godkjenning av saklista å trekkja saka.

NAT-044/14 VEDTAK:

Saka er trekt frå saklista.

SAKNR. 045/14

DISPENSASJONSSAK.FELLES KAI GNR 22, BNR 27 . LAUVSKAR.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve avslag på søknad om felles kai og slipp, motteke den 08.05.2014.
2. Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon til etablering av felles kai og flytebrygge på gbnr. 22/27 slik det vart søkt om den 30.06.2010.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet var på synfaring.

Monica Tjønna (Sp) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon for etablering av felles kai og slipp i tilknyting til naust på gbnr 22/27 i samsvar med søknad motteke den 08.05.2014. Løyvet vert gitt for alternativ 1.

Framlegget frå Tjønna vart samråystes vedteke.

NAT-045/14 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon for etablering av felles kai og slipp i tilknyting til naust på gbnr 22/27 i samsvar med søknad motteke den 08.05.2014. Løyvet vert gitt for alternativ 1.

SAKNR. 046/14

DISPENSASJONSSAK. ETABLERING AV HYTTE VED STEMMEVATNET GBNR 45/73.

SANDVIK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon for etablering av hytte på gbnr. 45/73 ved Stemmevatnet.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

I møtet vart det vist satellittbilder over område som m.a. viste kva anna bebyggelse som finst ved vatnet i det aktuelle området.

Vidar Tveiterås (Ap) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon for etablering av hytte på gbnr. 45/73 ved Stemmevatnet. Plassering, størrelse og utforming på bygget skal være i samsvar med søknad.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg og framlegget frå Tveiterås. 1 røysta for rådmannens sitt framlegg (Marken (Bl). 6 røysta for Tveiterås sitt framlegg (Øpstebø (Krf), Loe (Ap), Tveiterås (Ap), Strømmen (Bl) (Tjønna (Sp) og Bogevik (Frp))

NAT-046/14 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon for etablering av hytte på gbnr. 45/73 ved Stemmevatnet. Plassering, størrelse og utforming på bygget skal være i samsvar med søknad.

SAKNR. 047/14

DISPENSASJONSSAK. UTVIDING AV FLYTEBRYGGE. GBNR.23 / 16. HAUKNES.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon til utviding av flytebrygge på gbnr. 23/16.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-047/14 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§19-2, 11-6 og 1-8 vert det gjeve dispensasjon til utviding av flytebrygge på gbnr. 23/16.

SAKNR. 048/14

**OFFENTLEG ETTERSYN AV REGULERINGSPLAN FOR BRUAHAUGEN,
EIKEDALEN. GBNR 33/3, 34/5 M.FL.**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til reguleringsplan for Bruahaugen lagt ut til offentleg ettersyn så snart følgjande endringar er innarbeidde i planmaterialet:

- Øvre grense for byggleområdet må trekkjast i tråd med konklusjonen i rasfarerapporten, langs kote 445 i sør til kote 465 i nord.
- Overvatn, bekk og flaumfare må gjerast nærrare greie for i planskildring m/ROS, og eventuelt innarbeidast i plankart og føresegner..
- Føresegn nr. 1.3.2 "*Feltet kan byggjast ut i etappar*" må endrast til "*skal*", og må supplerast med plan (tabell el. l.) på kva som skal vera rekkjefølgja.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Monica Tjønna (Sp) ba om å få vurdert om ho som sambuar til ein av grunneigarane var ugild. Utvalet fann at ho var ugild, og ho tok ikkje del i sakshandsaminga.

Utvalet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-048/14 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert framlegg til reguleringsplan for Bruahaugen lagt ut til offentleg ettersyn så snart følgjande endringar er innarbeidde i planmaterialet:

- Øvre grense for byggeområdet må trekkjast i tråd med konklusjonen i rasfarerapporten, langs kote 445 i sør til kote 465 i nord.
- Overvatn, bekk og flaumfare må gjerast nærmare greie for i planskildring m/ROS, og eventuelt innarbeidast i plankart og føresegner..
- Føresegns nr. 1.3.2 "*Feltet kan byggjast ut i etappar*" må endrast til "*skal*", og må supplerast med plan (tabell el. l.) på kva som skal vera rekkjefølgja.

SAKNR. 049/14

**KONSESJONSSØKNAD - OVERFØRING AV NEDBØRFELT FRÅ
VAKSDALSVASSDRAGET TIL HERFANGEN I SAMNANGERVASSDRAGET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Bodil H Øpstebø (Krf) sette fram slikt framlegg:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

Monica Tjønna (Sp) sette fram slikt framlegg:

Saka vert oversendt kommunestyret utan tilråding.

Det vart røysta alternativt over dei to framlegg. 4 røysta for framlegget frå Øpstebø, (Øpstebø (Krf), Loe (Ap), Tveiterås (Ap) og Strømmen (Bl)). 3 røysta for framlegget frå Tjønna (Tjønna (Sp), Bøgevik (Frp) og Marken (Bl)).

NAT-049/14 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for å støtte konsesjonssøknaden – overføring av nedbørsfelt frå Vaksdalvassdraget til Herfangen i Samnangervassdraget.

SAKNR. 050/14

FRÅDELINGSSAK. GBNR 34/3. SVENSDAL.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m og 26-1 vert søknad om frådeling av ein parsell på gbnr. 34/3 imøtekomen.

Med heimel i jordlova §12 vert søknad om frådeling av ein parsell på gbnr 34/3 ikkje imøtekomen.

9 av 10

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påkliga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

03.09.2014 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Bodil H Øpstebø (Krf) sette fram slikt framlegg til vedtak:

Første punkt som i rådmannen sitt framlegg.

Med heimel i jordlova § 12 vert søknaden om frådeling av ein parsell på gbnr 34/3 imøtekomen. Gbnr 34/204 vert hus på garden.

Utvælet vedtok samråystes framleggget frå Øpstebø.

NAT-050/14 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 m og 26-1 vert søknad om frådeling av ein parsell på gbnr. 34/3 imøtekomen.

Med heimel i jordlova § 12 vert søknaden om frådeling av ein parsell på gbnr 34/3 imøtekomen. Gbnr 34/204 vert hus på garden.

10 av 10